



Fylkesmannen Vestland
Statens hus
6863 LEIKANGER

Deres ref.:

Vår ref.:
20/3534 - 5 / RATOEP

Vedtaksdato:
18.03.2020 327/20

Plansak Kommunedelplan for Knarvik - Alversund med Alverstraumen - planid 1263201701 - avvisning av klage - oversending av klage for endeleg avgjerd

Administrativt vedtak. Saknr: 327/20

Saka gjeld

Saka gjeld handsaming av klage over avvisningsvedtak.

Kommunestyret i Lindås kommune gjorde den 15.10.19, sak 069/19, vedtak om godkjenning av Kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen.

Aina Isdal Haugland klaga på vedtaket ved brev av 17.12.19. Klagen er opplyst å vere levert på vegne av Isdal felles gbnr 185/1-7.

Alver kommune avviste klaga ved brev av 06.02.20, med heimel i plan- og bygningslova § 11-15.

Aina Isdal Haugland har klaga på avvisningsvedtaket ved brev av 09.02.2020 til Fylkesmannen i Vestland.

Fylkesmannen i Vestland har ved brev av 17.02.2020 sendt klage over avvisningsvedtak til Alver kommune for handsaming.

Vedtak:

Klage av 09.02.20 over avvisningsvedtak av 06.02.20 vert ikkje teke til følgje. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, 2.ledd, jf. plan- og bygningslova § 11-15.

Klage over avvisningsvedtaket vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Saksopplysningar:

Klagegrunnar

Klagegrunnane er i hovudsak knytt til at klagar meiner å ha partsstatus i saka om Kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen, og at ein partsstatus gjev klagerett på kommunestyret sitt vedtak.

Anførsla om partsstatus er i hovudsak knytt til ein oppfatning av at kommunen gjennom føresegna har opna for oreigning direkte etter kommunedelplanen, samt storleik og verdi av klagar sine eigedomar som er omfatta av planen.

Rettsleg grunnlag

Plan- og bygningslova § 11-15, 3.ledd:

Kommunestyrets vedtak om kommuneplan kan ikke påklages.

Vurdering

Det følgjer av pbl. § 11-15 at kommunestyret sitt vedtak om godkjenning av kommunedelplan ikkje kan klagast på.

Lova er klar i sin ordlyd, og gjer ingen unntak.

Forarbeida til loven er også eintydig når det gjelder klagerett, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) side 226:

Siste ledd slår fast at kommunestyrets vedtak om kommuneplanens arealdel ikke kan påklages. Her skiller altså kommuneplanens arealdel seg fra reguleringsplan, men det innebærer ingen endring i forhold til gjeldende lov.

Carl Wilhelm Tyren «Plan- og bygningsloven, Kommentartutgave» 5. utg. side 180 viser bare til ordlyden i Ot. Prp. nr. 32 (2007-2008).

For det tilfelle at det i einskilde saker skulle vere klagerett på vedtak om godkjenning av kommuneplan må det utledast frå rettskjelder med lågare rang enn loven sin ordlyd og forarbeid.

Det kan kanskje tenkjast tilfelle der kommuneplanvedtaket kan vere så inngripande, for så få, at det kan vere eit enkeltvedtak og at grunneigar bør ha partsstatus. Kommunen kan ikkje sjå at det er tilfelle i denne saka.

I nokre eldre rettskjelder er det lagt til grunn at eit kommuneplanvedtak er eit enkeltvedtak i høve den einskilde grunneigar, og at grunneigarane såleis hadde partsstatus. Departementet har imidlertid i Ot.prp. nr 56 (2008-2009) side 176 vist til at dette ikkje har støtte i forvaltningslova:

Etter lovforslaget er statlig planbestemmelse etter § 6-3, regional planbestemmelse etter § 8-5 og kommuneplanens arealdel å anse som forskrift etter forvaltningslovens regler. I dag synes planmyndighetene – med en viss støtte i eksisterende forarbeider – å anta at også kommuneplanens arealdel er enkeltvedtak, men spørsmålet er omstridt i juridisk teori, og stemmer etter departementets syn dårlig med definisjonen i forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav c, jf. bokstav a. De bestemmelser som gis i tilknytning til arealdelen, er normalt av like generell karakter som ordinære kommunale forskrifter av betydning for arealbruken, f.eks. kommunale forskrifter etter motorferdselloven. Skulle det unntaksvis forekomme tilfelle hvor en kommuneplan med arealdel bare får betydning for en enkelt eller meget få eiendommer, vil det likevel være riktig å anvende reglene for enkeltvedtak analogisk. Men denne situasjonen skiller seg ikke fra tilsvarende tilfelle når en ordinær forskrift bare har betydning for et enkelt eller ytterst få rettssubjekter.

Sjølv om nokre eldre rettskjelder definerte kommuneplanvedtaket som eit enkeltvedtak for den einskile grunneigar vart det likevel lagt til grunn at pbl. som spesiallov gjekk føre den generelle klageretten etter forvaltningslova § 28, jf. O.J Pedersen mfl. «Plan- og bygningsett side 355:

For den enkelte eier vil en arealplan vere eit enkeltvedtak, og kunne få samme inngripende virkning som en reguleringsplan. I utgangspunktet skulle derfor arealplanvedtak kunne påklages av berørte med rettslig klageinteresse. Men fordi arealplanen omfatter hele kommunen, er klageadgangen avskåret fordi det ikkje ble ansett praktisk mulig å håndtere en klageordning – se Ot. Prp. Nr. 56 (1984-85) side 116.

Nyare rettskjelder viser til at rettsstatus når det gjeld klagerett ikkje er endra i høve tidlegare lov. Når nyare rettskjelder, utan å problematisere eventuelle unntak, legg til grunn at det ikkje er klagerett på kommuneplanvedtak har det såleis solid støtte i eldre rettskjelder til tross for at eldre rettskjelder legg til grunn at vedtaket er enkeltvedtak og grunneigar har partstatus.

Omsynet til grunneigar sin rettstryggleik og eigeomsrett kan tale for ein unntaksvis klagerett, men det vil ikkje vere forneleg med omsynet til føreseieleg og lik forvaltning om ein svak rettskjelde som reelle omsyn skulle setje til side ein klar ordlyd og tydelege forarbeid. Om grunneigar i kommuneplansaker skal ha klagerett må det vere ei lovgjevaroppgåve å opne for.

Kommunen finn det etter dette ikkje avgjerande for resultatet i saka å ta stilling til spørsmålet om partsstatus. For det tilfelle at grunneigar unntaksvis har partsstatus er det ikkje tilgjengelege rettskjelder som støttar at ein partsstatus vil gje klagerett i strid med loven sin ordlyd.

Mynde

Saka er handsama administrativt på delegasjon.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
Jurist/rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Aina Isdal Haugland Radøyvegen 2610 5937 BØVÅGEN

Vedlegg

Kommuneplan for Knarvik - Alver - Alversund - ID 1263201701 - oversending av klage til alver kommune som rette instans	1352368	18.03.2020
Klage d. 17.12.2019	1352366	18.03.2020
E-postmelding til klage d. 17.09.2019	1352367	18.03.2020
Avvisning av klage på vedteken kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2019-2031)	1346165	20.03.2020
Klage på vedtak, 1263-201701	1345897	20.03.2020

Mottakere:

Fylkesmannen Vestland Statens hus 6863 LEIKANGER